

Adressater iflg. liste

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	13/1660	18.12.2013

### **Høyring om framlegg til endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestranssport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova)**

Samferdselsdepartementet gjer her framlegg om endring i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova).

Framlegget til lovendring vert gjort for å gjennomføre Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 181/2011 om busspassasjerrettar og om endring av rådsforordning (EF) nr. 2006/2004 (forordninga). Høyringsnotat og den danske versjonen av forordninga kan lastast ned på Samferdselsdepartementet sine heimesider:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/hoeringer.html?id=2066>

Tidlegare utkast til forordning vart sendt på høyring i Noreg 2. juni 2009.

I praksis har busspassasjerar i Noreg langt på veg slike rettar som følger av forordninga. Rettane er likevel berre delvis fastsette i lov eller forskrift. Passasjerrettane går hovudsakeleg fram av selskapa sine transportvilkår som er grunnlaget for avtalen mellom transportselskapet og passasjeren. På nokre punkt er det nødvendig å endre yrkestransportlova for å gjennomføre reglane i forordninga. Framlegget til lovendring omfattar:

- (i) heimel for å fastsetje ei forskrift om gjennomføring og utfylling av forordninga om busspassasjerrettar og seinare EØS-reglar på området
- (ii) heimel for å peike ut terminalar der reisande med nedsett funksjons- eller rørsleevne kan få assistanse, og for å gje forskrifter om dette
- (iii) heimel for å gje forskrift om å etablere og organisere eit nasjonalt klageorgan for

- busspassasjerrettar, medrekna reglar om finansiering, oppnemning, ansvarsområde, samansetning, høve til valdgiftsklausular, og sakshandsaming
- (iv) heimel som pålegg transportørane og andre som har plikter overfor passasjerane, å vere knytte til eit nasjonalt klageorgan
  - (v) heimel for å peike ut eit nasjonalt handhevingsorgan som skal føre tilsyn med at reglane i forordninga vert følgde, og for at handhevingsorganet kan gje pålegg om retting og tvangsmulkt ved brot på EØS-reglane

Særlege merknadar:

På to punkt i høyringsnotatet legg departementet opp til å gå lenger enn det som følgjer av forordninga.

For det første går departementet i samband med gjennomføring av forordninga inn for at ansvarsområdet til det nasjonale klageorganet vert vidare enn det som følgjer av minstekrava i forordninga. Det nasjonale klageorganet skal i tillegg til å handsame klager som gjeld rettar etter forordninga, òg ha kompetanse til å handsame klager som gjeld rettar som følgjer av transportvilkåra til transportørane. Det er nærare gjort greie for dette i punkt 7.3.5 i høyringsnotatet.

For det andre vert det i høyringsnotatet peika på at det i samband med forskriftsendringane som gjennomfører forordninga om busspassasjerrettar i norsk rett, kan vere aktuelt å utvide ansvarsområdet til Transportklagenemnda til òg å omfatte klager på transportvilkåra frå passasjerar med trikk, T-bane og bybane. Desse transportslaga er nært integrerte med busstransport i dei byane der dei er en del av kollektivtilbodet, og har ofte felles transportvilkår for transport med ulike transportmiddel. Det er gjort nærare greie for dette i punkt 8 i høyringsnotatet.

Forordninga opnar i artikkel 2 nr. 4 for at statane kan ha overgangsordningar for gjennomføringa av forordninga.

Det vert for det første opna for at statane kan gjere unnatak frå delar av forordninga for innanlands rutetransport i inntil 4 år. Unnataket kan fornyast ein gong. Det kan mellom anna ikkje gjerast unnatak for reglane om plikt for transportørane til å etablere ei intern klageordning, og for medlemsstatane til å etablere eit nasjonalt klageorgan.

For det andre opnar forordninga for at statane kan gjere unnatak for særskilte ruter for ei periode på høgst 4 år, når ein betydeleg del av rutetransporten finn sted utanfor EU. Minst eit planmessig stopp må vere utanfor EU for at dette unnataket skal kunne nyttas. Unnataket kan fornyast ein gong.

Departementet vurderer det som lite hensiktsmessig å etablere eit nasjonalt klageorgan med få materielle rettar å forvalte. Etter departementet si vurdering vil ein da risikere at passasjerane ikkje får tiltru til nemnda. Departementet legg difor ikkje opp til å nytte dei overgangsordningane som forordninga opnar for. Det er gjort nærare greie for desse overgangsordningane i punkt 5.3.4 i høyringsnotatet.

Departementet ber særleg om høyingsinstansane sine merknader til framleggget om å utvide ansvarsområdet til det nasjonale klageorganet til å omfatte klager etter transportørane sine transportvilkår, og til å omfatte klager etter transportvilkåra frå passasjerar på trikk, T-bane og bybane.

Departementet ber òg særleg om høyingsinstansane sine vurderingar av dei økonomiske og administrative konsekvensane av lovframleggget, særskilt i samband med framleggget om utviding av klageorganet sitt ansvarsområdet til òg å gjelde klager etter transportvilkåra frå passasjerar på trikk, T-bane og bybane.

#### Tidsplan

Forordninga vart vedteken i EU 16. februar 2011, og tredde i kraft i EU 1. mars 2013. Det er venta at EØS-komiteen vil fatte vedtak om å innlemme forordninga i EØS-avtalen.

Ut frå den forventa tidsplanen for innlemming av forordninga i EØS-avtalen, bør lovendringane som legg til rette for implementeringa av forordninga truleg tre i kraft i Noreg i løpet av 2014.


Det vert gjort framlegg om at lovendringane skal gjelde frå den tid Kongen fastset.

Frist for å komme med merknader til høyringa er **26. februar 2014**. Fristen er satt noko kortare enn den normale fristen på 3 månader av omsyn til at det skal vere mogleg å fremme ein lovproposisjon for Stortinget våren 2014. Det er viktig at ein ikkje ventar for lengje med å fremme ein lovproposisjon av omsyn til å kunne gjennomføre dei nødvendige regelendringane innan fristen når forordninga vert teken inn i EØS-avtalen. Det er i vurderinga teke omsyn til at framlegg til forordning har vore på høyring tidlegare.


Vi ber om at fylkeskommunane sender høyingsnotatet vidare til fylkeskommunale føretak det vil ha interesse for. Dersom departementa ser at relevante underliggende etatar ikkje er tekne med i høyingslista, ber vi om at høyingsnotatet vert send vidare til desse.

Andre som ønskjer å uttale seg i saka har høve til det i samband med at saka vert lagt ut på departementet si heimeside.

Med helsing



Arnfinn Øen (e.f.)  
avdelingsdirektør



Ane S. Lamvik  
Ane Sylvelin Lamvik  
rådgjevar

## **HØRINGSINSTANSAR**

### **Offentlege etatar:**

Alle departementa  
Alle fylkeskommunane  
Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)  
Forbrukarombodet  
Jernbaneverket  
Likestillings- og diskrimineringsombodet  
Luftfartstilsynet  
Regjeringsadvokaten  
Statens jernbanetilsyn  
Vegdirektoratet

### **Andre aktørar:**

Akademikerne  
AKT (Agder kollektivtrafikk AS)  
Arbeidsgiverforeningen Spekter  
AtB AS  
Avinor  
Brakar- Buskerud kollektivtrafikk AS  
Fagforbundet  
Forbrukerrådet  
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon  
Hovedorganisasjonen Virke  
Kollektivtrafikkforeningen c/o Akershus fylkeskommune  
KS- Kommunenes interesse- og arbeidsgiverorganisasjon  
Landsorganisasjonen i Norge  
NHO Transport  
Norges Handikapforbund  
Norges Taxiforbund  
Norges Turbileierforbund  
Norsk Jernbaneforbund  
Norsk Kommuneforbund  
Norsk Lokomotivmannsforbund  
Norsk Transportarbeiderforbund  
NSB AS  
Næringslivets Hovedorganisasjon  
Ruter AS  
Transportbrukernes fellesorganisasjon  
Transportklagenemnda v/Norsk ReiselivsForum  
VKT AS (Vestviken Kollektivtrafikk)  
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund  
Yrkestrafikkforbundet